

SAKSOPPLYSNINGAR:

Denne saka er forankra i fylkesmannen sitt forventningsbrev til kommunane, Fylkesmannen har fått eit klart mandat frå Regjeringa med å syte for at alle kommunane arbeider strukturert og målretta med kommunereforma og sikrar naudsynte vedtak lokalt som er i samsvar med vedtatt nasjonal framdriftsplan. Fylkesmannen ber difor om at alle kommunane vedtek ein lokal framdriftsplan for arbeidet som skal vere fylkesmannen i hende innan 31.12 2014.

Dette saksframlegget tek føre seg:

Bakgrunnen for kommunereforma og forentningane frå fylkesmannen til den lokale prosessen. Den inneheld og eit forslag til organisering av prosessen, nokre vurderingar kring aktuelle spørsmål som må utgreiast, korleis vi skal involvere innbyggjarane, og kva som kan vere ein fornuftig framdriftsplan for dei ulike hovudfasane i prosessen fram til vedtak.

Eit prosessvedtak i kommunane utløyser ein eingongssum på 200 000 til dekking av kostnader knytt til god prosess. Kommunane får i tillegg 100 000 til å gjennomføre høyring av innbyggjarane.

VURDERING:

Bakgrunn for kommunereforma:

Regjeringa har i Sundvolden-erklæringa frå oktober 2013 slått fast at det skal gjennomførast ei kommunereform der ein skal ha ein gjennomgang av oppgåvene til kommunane, fylkeskommunane, fylkesmennene og staten med sikte på å gi meir makt og mynde til meir robuste kommunar.

Bakgrunnen for reforma er mellom anna grunngitt med at det i Noreg i dag er 428 kommunar, at dagen kommunestruktur i all hovudsak har vore uforandra siste 50 åra samstundes som kommunane har fått langt fleire og større oppgåver. Det er soleis eit politisk ønskje om å ha ein brei gjennomgang av ansvars- og oppgåveløysing innan kommunesektoren.

Regjeringa sette ned eit ekspertutval som i mars 2014 la fram sin delrapport. Denne rapporten peiker på ulike utviklingstrekk og kjem med tilrådingar for kva som bør ligge til grunn for ein god kommunestruktur. I arbeidet med kommunereform er det lagt til grunn at fylkeskommunane skal bestå. Det er soleis ikkje lagt opp til å fjerne fylkeskommunen då det ikkje er politisk fleirtal for det på Stortinget. Det er også lagt til grunn at kommunen framleis skal vere generalistkommunar, det vil seie å ha ansvar for alle kommunale tenester innan for sitt geografiske område. Ekspertutvalets har basert sitt arbeid på at kommunane sine hovudoppgåver er å vere tenesteyter, utøving av mynde, samfunnsutviklar og demokratisk arena. For å sikre desse hovudsoppgåvene er det lagt til grunn ulike kriterier for ein god kommunestruktur.

Sentrale mål og føringar:

Stortinget har slutta seg til følgjande overordna mål for reformen som vil vere førande for kommunens arbeid:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilsapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommuner
- Styrka lokaldemokrati

Kommunereformen er ein velferdsreform. Det handlar om betre velferdstenester der folk bur, no og i framtida; gode skular, pleie og omsorg når vi blir eldre, trygge barnehagar for borna våre. Det handlar og om kva som skal til for å ta vare på dei innbyggjarane som treng det aller mest: Born som treng barnevernet, rusavhengige, mennesker med psykiske helseutfordringar og dei som fell utanfor.

Kommunereformen handlar og om ei betre organisering i område der både innbyggjarane og næringsliv dagleg krysser fleire kommunegrensar, og der større kommuner vil kunne gi ein meir heilskapleg og god planlegging til det beste for innbyggjarane.

Ekspertutvalet for kommunereform har sett opp ti kriterier for kommunene – som alle kommuner må vurdere:

1. Tilstrekkeleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstrekkeleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet

For å sikre at kommunane også i framtida evner å ivareta sine hovudoppgåver på ein god måte tilrår ekspertutvalet at:

Kommunane bør ha minst 15.000 – 20.000 innbyggjarar for å sikre god oppgåveløysing. Dette for å sikre fagmiljø som er store nok til å takle stadig meir komplekse og spesialiserte arbeidsoppgåver og som har kapasitet nok til å ta svingingar i arbeidsmengde og behov.

Kommunestrukturen bør i større grad nærme seg funksjonelle samfunnsutviklingsområder. Dette er mellom anna grunnlagt med at innbyggjarar og næringsliv lever sine daglege liv og operer på tvers av kommunegrensar. Dette gjer at kommunens administrative grensar i liten grad er i samsvar med dei funksjonelle områda som ein må sjå i samanheng. Dette gjeld særskilt innan for planarbeid der kvar einskild kommune har ansvar for sine planprosessar og gjennomføring.

Staten bør redusere detaljstyringa og ordningar for politisk deltaking bør vidareutviklast for å sikre gode og slagkraftige demokratiske arenaer. Ulike indikatorar peiker i ulik retning når det gjeld kommunestørrelse og demokratiske verdiar. Innbyggjarar i små kommunar har som oftast større tillit til lokalpolitikarane, større forståing for lokalpolitikken og ei større vilje til å ta på seg politiske verv enn i større kommunar. På den andre sida har større kommunar som regel andre ordningar for medverking som til dømes lokalutval/bygdeutval. I tillegg er det fleire politiske parti som stiller til val i større kommunar. Utvalet peiker også på at større kommunar har ein større administrasjon som har større kapasitet og kompetanse som kan forberede politiske saker på ein betre måte. Utvalet peiker samstundes på at det i kommunar med store geografiske avstandar kan bli ei utfordring å sikre politisk representativitet i kommunale organ og for politisk deltaking generelt.

Forventningar frå fylkesmannen om lokal prosess:

Fylkesmannen har fått eit klart mandat frå Regjeringa med å syte for at alle kommunane arbeider strukturert og målretta med kommunereforma og sikrar naudsynte vedtak lokalt som er i samsvar med vedtatt nasjonal framdriftsplan. Det er to ulike løp for kommunane. Eit «hurtigtog» for dei kommunen som har starta prosessen tidleg og som gjer vedtak om samanslåing innan hausten 2015. Då kan ein gjennom kongeleg resolusjon vedta/stadfeste samanslåing i løpet av våren 2016. Dei nye kommunane er det gjeldande frå og med 2018. Rådmannen meiner dette er lite aktuelt for Skodje kommune.

For dei aller fleste kommune vert løp 2 det mest aktuelle. Det vil seie at det må gjerast vedtak om eventuell kommunesamanslåing innan 1. juli 2016. Dei nye kommunane vert då gjeldande frå 1. januar 2020.

I vedlagt forventningsbrev er dei ulike fristane omtalt. Framdriftsplanen er oppdelt i tre ulike fasar:

Fase 1 – Oppstart hausten 2014: I løpet av hausten 2014 skal alle kommunar ha diskutert og gjort vedtak om korleis prosessen skal vere lokalt. Det vert vektlagt å sikre god dialog og brei deltaking frå innbyggjarar, lag og organisasjonar. Det er særskilt viktig å involvere ungdommen. Slikt vedtak må vere gjort innan 31. desember 2014 og utløyser kr. 200.000,- i tilskot til vidare arbeid med kommunereforma. Det skal utnemnast ein kontaktperson i kvar kommune. Skodje har ei arbeidsgruppe med ordførar, varaordførar og rådmannen. Sunnmøre Regionråd er gitt ei rolle med å støtte kommunane med å legge til rette for ein god prosess. Det er mellom anna arrangert ulike møter og gjennomført ei innbyggjarundersøking. Også KS er engasjert i reformarbeidet og deltek i ein tenketank saman med andre involverte.

Fase 2 – Utredning 2015: dette året skal nyttast til utredning og forankring lokalt i kvar kommune. Kvar kommune skal levere ein statusrapport til Fylkesmannen innan 1. juli 2015. Det må takast særskilt omsyn til at det er kommuneval og at folkevaltoppløringa er retta inn i mot arbeidet med kommunereform. Ekspertutvalet kjem med sin sluttrapport 1. desember 2014. Denne rapporten vil ha ei vurdering av om kommunane skal få fleire oppgåver, og i so fall kva oppgåver. Dette blir lagt fram som Stortingsmelding våren 2015.

Sunnmøre Regionråde (SR) eit utredningsarbeid på gang på vegne av alle kommunane på Sunnmøre. Rapporten vil bli ferdig i løpet av 2014 og vil samle relevante opplysningar og gi kommunane eit samanlikningsgrunnlag innan utvalte områder. Det vil i tillegg vere aktuelt å nytte folkemøter, spørjeundersøkingar mm. Involvering av ungdom vert eit viktig element i reformarbeidet.

Fase 3 – Vedtaksfase våren 2016: innan 1. juli 2016 skal alle kommunar ha fatta vedtak i kommunestyret om, og med kven, ein eventuelt vil slå seg saman med. Det kan også vedtakast at ein vil stå aleine som no. Fylkesmannen skal vurdere kommunane sine vedtak og vurdere dei opp i mot heilskapen i forhold til fylket og regionen. Fylkesmannen sine vurderingar av vedtaka i dei 36 kommunane i fylket vert oversendt til Kommunal og Regional departementet (KMD) innan 31.12.2016.

Forslag til nye oppgåver våren 2015

Regjeringa tek sikte på å legge fram ei melding til Stortinget våren 2015 med forslag til nye oppgåver til robuste kommuner. Her vil det og vere døme på korleis den statlege styringa av større og meir robuste kommuner kan reduserast.

Status- generellt for kommunane

Dagens kommuner er svært ulike og har ulike utfordringar. Nokre kommuner opplever nedgong i folketal og arbeidsplassar, mendan andre kommuner har utfordringar knyttet til stor folktalsvekst og samanvaksne tettstadar.

Om kommunen ser på endringar i kommunestrukturen som ein del av ein framtidig utviklingsstrategi med mål om å bli ein attraktiv kommune både for innbyggjarar og næringsliv, kan det gi grunnlag for gode og fruktbare diskusjonar.

Denne hausten har dei fleste kommunene sett kommunereforma på dagsorden i kommunestyremøtet for å drøfte korleis dei skal arbeide med reformen.

Status i Skodje kommune?

Ein god start på prosessen vil vere å skaffe oss oversikt over kvar kommunen står og å kartlegge dei viktigaste utfordringane. Lokalt eigarskap til denne delen av prosessen vil legge eit grunnlag – både blant kommunestyrerepresentantar og blant innbyggjarane – for ein mest mogleg felles forståing av kvar vi står. Drøfting av kommunens framtid er ikkje berre ei oppgave for rådmann og ordførar, men krev ein brei demokratisk prosess.

I Skodje har både politisk og administrativ leiing delteke på fleire møter i regi av KS / Sunnmøre Regionråd /Fylkesmannen der kommunereform har vore tema. Kommunestyret har kommunereform som tema på eitt møte 1.april der også Sunnmøre Regionråd deltok.

Varaordføraren la framhovudelementa i ekspertutvalet sin delrapport 1. Kommunestyret har og hatt eit dialogmøte (28.10.2014) der forventingsbrevet frå fylkesmannen, samt resultata for Sunnmøre og Skodje i frå Sentio si spørjeundersøking vart presentert. Undersøkinga var eit ledd i Sunnmøre regionråd sitt tilretteleggingsarbeid for kommunene i samband med kommunereforma. På møtet vart og arbeidsmåten Open Space nytta for å løfte fram spørsmål som representantane ønskjer å finne svar på gjennom den komande prosessen og utgreiingane før endeleg vedtak skal fattast våren 2016.

Formannskapet har utan formelt vedtak førebels utpeika ei arbeidsgruppe som skal sikre framdrift i arbeidet. Denne gruppa består av ordførar, varaordførar og rådmann. Gruppa har eit kort møte kvar 14. dag der ein avklarar vidare framdrift i den lokale prosessen.

Tema og verktøy for kartlegging:

Departementet har utarbeidd nokre nyttige verktøy som kommunen kan nytte i utgreiingsfasen. Mellom anna <http://www.nykommune.no/> . Her får vi oversikt over relevante nøkkeltall og utviklingstrekk for kommunen og nabokommuner. Her må vi ha følge av minst ein nabokommune for å få ut egne data. Variablane er vald ut på bakgrunn av kva som har vore vanleg å sjå på i tidligare utgreiingar av kommunesamanslåingar.

Vi kan bruke kommuneplanen i dette arbeidet, og supplere med tilgjengeleg statistikk (fylkesmannens kommunebilder, statistikk og oversikter frå planavdelinga i fylkeskommunen, kart på internett og www.kostra.no. (Kommuner som deltek i Utviklingsprogrammet for byregioner har for eksempel allerede gjennomført kartlegginger som belyser flere av disse problemstillingane).

Det kan vere aktuelt å supplere tilgjengeleg statistikk og planar med egne oversikter og kartlegginger av:

- Kapasitet, kompetanse og rekruttering – særleg innan spesialiserte tenester
- Kor mange tenester er lagt til interkommunale samarbeid
- Totalt omfang av interkommunalt samarbeid, og kva kommuner vi samarbeider mest med

Eksempel på spørsmål vi kan gå nærare inn på for å kartlegge status innanfor kommunens fire roller:

Tenesteyter:

- o Kva er sterke og svake sider ved kommunen som tenesteyter i dag?
- o Kva er utfordringane i høve til forventa demografisk utvikling?
- o Kva utfordringar har kommunen når det gjeld kompetanse, spesialisering og rekruttering?
- o Kva finnes av interkommunalt tenestesamarbeid?
- o Kva er status i kommunen når det gjelder økonomiske nøkkeltall?

Utøving av mynde:

- o Skaper mangel på kapasitet og kompetanse utfordringar for utøving av mynde?
- o Korleis er tilgongen på juridisk kompetanse i dag?
- o Kva er omfanget av klager, og korleis fordeler desse seg på ulike forvaltningsområde?
- o Korleis er sakshandsamingstidene og kvaliteten på sakshandsaminga?
- o Har kommunen gode rutine og system for utøving av mynde? Kva utfordringar er avdekka gjennom statlege tilsyn?
- o I kva grad er det problem med habilitet, og kva utfordringar skaper dette?

Samfunnsutviklar:

- o Kva utfordringar står kommunene framføre i dag med tanke på å fremje ei langsiktig og heilskapleg utvikling, både kvar for seg og for regionen?
- o Korleis er situasjonen i kommunene når det gjeld folketalsutvikling, næringsutvikling og sysselsetjing?
- o Kva oppgåver og utfordringar krev felles løysingar på tvers av kommunegrensene?
- o I kva grad evner kommunen å gjennomføre vedtak i plan- og utbyggingsaker?

Demokratisk arena:

- o Korleis er lokaldemokratiet organisert i dag, og kva deltakingsformer er etablert?
- o Korleis er rekrutteringa og engasjementet for å drive politisk arbeid?
- o Kva parti er representert og korleis er aktiviteten i partiorganisasjonane?
- o Korleis er valdeltakinga og det lokalpolitiske engasjementet?
- o Korleis er den lokalpolitiske styringa - overordna styring eller detaljstyring?
- o Korleis er tilhøvet mellom saksmengde og tid til å drive lokalpolitikk i kommunestyret?

Overordna spørsmål som kan vere aktuelle for diskusjon i kommunestyret:

- o Kor godt klarer kommunen å stå åleine i eit 20-30-års perspektiv?
- o Er kommunen avhengig av ein eller fleire nabokommuner for å levere lovpålagde velferdstenester til sine innbyggjarar?
- o Kor omfattande kan eit interkommunalt samarbeid vere før samarbeidsulempene blir større enn fordelane?
- o Kva utfordringer står vi overfor når det gjeld å ivareta kommunale oppgåver?
- o Kva gjennomføringsevne har kommunen på dei ulike områda kommunen har ansvaret for?
- o Greier kommunen å nå måla vi har sett oss?
- o Kva er visjonane og måla for framtidig utvikling?
- o Kva krevst for å realisere desse måla, og kva effekt kan vi oppnå gjennom å bli ein del av ein større kommune?

I denne prosessen bør kommunen også vurdere om det er behov for å gjere noko med uhensiktsmessige grenser. Endring i busetjings- og utbyggingsmønster kan føre til at dagens kommunegrenser er blitt utdatert.

Det vil kunne vere ulike grader – frå relativt ukompliserte grensejusteringar, til meir omfattende kommunedelingar der dei ulike delane vert slegne saman med andre nabokommuner. Slike prosessar må vere relativt samkøyrd for at departementet skal kunne handsame desse sakene i same løp.

Involvering gjennom heile prosessen

Involverande prosessar er viktig for å utvikle tillit, gjensidig forståing, identitet, eigarskap og felles engasjement for framtidig utvikling. For å få ein god prosess må den forankrast både i kommunestyret, blant medarbeidarane og i innbyggjarane. Det er viktig at kommunepolitikarane vert ansvarliggjorde og at innbyggjarane vert involvert gjennom alle fasar i prosessen.

Fleire kommuner har gode erfaringar med å involvere innbyrgjarar, lag og organisasjonar, samt næringsliv tidleg i prosessen. Dette vil gi god kunnskap om kva synspunkt som gjer seg gjeldande og kva ulike grupper er opptekne av. Det er særleg viktig å trekke med og engasjere ungdommen i denne prosessen. Vi må og ha ei vurdering av kva form involveringa skal skje i.

Spørsmål kommunen kan stille til innbyrgjarane er blant annet:

- o Kva ventar du av det framtidige tenestetilbodet?
- o Korleis ventar du at kommunen utviklar seg?
- o Kva er viktig å ta med vidare av tenester i ein ny kommune?
- o Kva er du mest redd for å misse i ein ny kommune?
- o Kva kommuner kan være aktuelle samanslåingspartnarar, og gjeld dette heile eller deler av kommunen?
- o Kva kvalitetar bør kommunen ha for at det skal vere ein attraktivt stad i framtida?

Involvering kan skje på mange forskjellige måtar.

Medvirkning kan kategoriserast slik (NIBR/Uni Røkkansenteret 2013):

- Konsultasjon: innbygarundersøkingar, brukerundersøkingar, elektroniske høyringar.
- Dialog: folkemøte, høyringar, brukermøte, e-dialog, debattforum, innbygarpanel
- Dagsordensettende: Idédugnad, innbygarinitiativ
- Medstyring: driftsstyre, deltakande budsjettering

Synspunkt og tilbakemeldingar fra innbygarane bør synleggjerast gjennom det vidare arbeidet, og vil vere viktig når kommunen seinare utarbeider ein intensjonsplan for ei framtidig samanslåing.

Kven er aktuelle partnarar?

Samtidig og i etterkant av at kommunen kartlegg status og utfordringar i eigen kommune, startar også arbeidet med å klarlegge kva samanslåingsalternative som kan vere aktuelle å sjå nærare på. Vi kan og nytte NY KOMMUNE til dette formålet. Skodje har fleire alternativ og nokre er peika på gjennom Sentioundersøkinga og den heilt uformelle tilbakemeldinga målinga under SkodjeDagane 2014. Uansett er det viktig å involvere innbygjarane i dette spørsmålet.

Ut frå ei vurdering av status for kommunen, bør kommunestyret gjere vedtak om kva samanslåingsalternativ det er ønskjeleg å gå vidare med.

Vi bør vere nøkterne med omsyn til kor mange reslistiske alternativ som skal vurderast.

Når kommunestyret avgjer kva alternativ som skal vere med vidare, er det og viktig at kommunestyret har klare oppfatningar om kvifor det er ønskjeleg med ein større kommune og kva vi vil oppnå:

- Er det for å få betre tenestetilbod?
- Eit sterkare fagmiljø innan ulike områder?
- Er det for å bli ein meir attraktiv kommune som kan trekke til seg fleire arbeidsplassar?
- Få en betre infrastruktur i regionen?
- Bli meir slagkraftig regionalt og nasjonalt?

Det er viktig at kommunene er klar over eigne sterke og svake sider når ein vel samanslåingspartnarar. Dette gjer det lettare å gå inn i ei vurdering av korleis vi kan bli sterkare saman.

Eit studie i kva som er mogleg

Kommuner som har gjennomført kommunesammenslåingar har greidd å gjere det sannsynleg at ei samanslåing vil bidra til ei positiv utvikling for heile den nye kommunen. Her må vi gå tilbake og sjå kva innspel innbyggerane, næringsliv og frivilljuge har gjeve tidligare. Di fleire vanskelege spørsmål som kan avklarast tidleg i prosessen, di betre.

Innbyggerane må få så klare svar som mogleg på dei spørsmåla dei har om korleis den nye kommunen vil sjå ut. Folk vil vite kva som skjer med lokalmiljøet og nærområdet sitt. Kva skjer med skulen, og med kulturhuset?

Innbyggerane er ofte opptekne av kva som skjer med det «gamle» kommunesenteret. I fleire av dei frivilljuge samanslåingane er det blitt satsa spesielt på stadutvikling i det «gamle» kommunesenteret, og tenester for heile den nye kommunen er blitt samlokalisert her.

Lokal framdriftsplan

Forankring og kommunikasjon er erfaringsmessig viktige suksessfaktorar. Det bør tidleg lagast ein overordna framdriftsplan som kan justerast undervegs. Framdriftsplanen bør innehalde ein kommunikasjonsplan. Kommunikasjonsplanen bør sikre god kommunikasjon gjennom heile prosessen, både med tilsette og innbyggerane. Kommuner som vurderer samanslåing, bør verte einige om eit likt kommunikasjonsopplegg, slik at alle vert involvert på same måte.

Korleis kommunen legg opp den vidare prosessen, vil avhenge av kor mange alternativ kommunestyret vil gå vidare med. Er det berre eitt eller to alternativ som er aktuell, kan ein allereie på dette tidspunktet involvere tilsette, lag og organisasjonar osv, og etablere ulike prosjekt i det vidare arbeidet. Det kan opprettast prosjektgrupper m.a. for å sjå på korleis tenestene kan organiserast, korleis lokaldemokratiet kan organiserast på ein best mogleg måte.

Det er viktig å kartlegge kva interesse som kan verte direkte rørt av ei samanslåing, t.d. nynorsk og Storfjorden kyrkelege fellestråd, etablerte interkommunale samarbeid osv.

Aktuelle samanslåingskommuner må organisere arbeidet på ein slik måte at ein får dekt alle område som blir viktige for kommunene i det vidare arbeidet. Hovudoppgåven blir å presentere tema som skal gi innbyggerane og politikarane eit godt kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere kva som er mogleg innanfor dei ulike samanslåingsalternativa. Her er det og naturleg å vurdere om tilsette og eventuelt frivilljuge ressursar skal involverast i arbeidet.

Identitet er ofte eit spørsmål i diskusjonen om kommunestruktur. Her er det viktig å kartleggje kva ein har felles, som t.d. lokalaviser, idrettslag, handelssenter, tenester og skular. Erfaringar syner at ny identitet kan byggjast utan at dette går ut over ididentiteten innbyggjarane har til lokalsamfunnet dei bur i.

En rettesnor for kommunene når de skal vurdere de ulike områdene vil vere dei sentralt utarbeidde kriteria for god kommunestruktur (PDF), dei nasjonale måla for reformen og dei lokalt utarbeidde måla.

Tenester

Nokre spørsmål som det kan vere aktuelt å vurdere, mellom anna ved hjelp av NY KOMMUNE, kan vere:

- o Korleis vil den demografiske utviklinga vere fram mot 2040?
- o Kva vil vere arbeidskraftbehovet i dei ulike tenestene framover?
- o Korleis vil rekrutteringa verte i ein større kommune?
- o Korleis vil ei eventuell kommunesamanslåing kunne påvirke djupn og breidde i tjenestetilbodet?
- o Korleis kan vi organisere tenestene i ein større kommune?
- o Kva tenester vil ha same lokalisering som tidligare, og kva for nokre er aktuelle å samlokalisere for å skape sterkare, betre og meir effektive fagmiljø?
- o Kva vil ein større kommune ha å seie for innbyggjarane sitt tilgjenge til dei ulike tenestene?
- o Kan vi ved ei samanslåing ivareta fleire oppgåver innanfor den nye kommunen og slik redusere dei interkommunale samarbeida?

Oppsummering og vurdering av tenestene med omsyn til kvalitet, kompetanse, tilgjenge rekruttering, stordriftsfordelar, effektivisering, jf. kriterier og mål.

Utøving av mynde

Følgjande spørsmål kan vere av spesiell interesse å avklare når det gjeld utøving av mynde:

- o Har vi tilgong til juridisk kompetanse i ein ny kommune?
- o Høve til å etablere gode system for eigenkontroll
- o Sakshandsamingstid som imøtekjem næringslivets krav

Oppsummering og vurdering – korleis kan rettstryggleiken betrast i ein større kommune? Kva høve har ein ny kommune for å etablere system for eigenkontroll som kan redusere statleg tilsyn?

Samfunnsutvikling

Det er vanleg å leggje ein brei definisjon av samfunnsutvikling til grunn i analyser av kommunens rolle som samfunnsutviklar. Det dreier seg om langsiktig arealbruk og utbyggingsmønster, utbygging av infrastruktur, stead- og sentrumsutvikling, næringsutvikling, miljø og folkehelse i vidaste forstand. Kort sagt – korleis skape attraktive lokalsamfunn.

Byutvikling

I vekstkommuner, der tettstadgrenser og pendlingssoner i aukande grad spreier seg på tvers av kommunegrensene, vert det vanskelegare med planlegging og realisering av heilskaplege, effektive og framtidsette løysningar når det gjeld både bustadområde, kommunikasjon/infrastruktur, næringsområde og tenestetilbod.

Stadutvikling

Små kommuner kan ha utfordringar med å fylle rolla som vert kravds i eit aktivt samfunnsutviklingsarbeid. Arbeid for innovasjon, næringsutvikling, stadutvikling og aukta attraktivitet krev både kompetanse, kapasitet og evne til å etablere møteplassar, partnerskap og samhandling med eit breidt spekter av aktørar på ulike nivå.

Aktuelle spørsmål å vurdere:

- o Kva oppgåver og utfordringar krev felles løysingar på tvers av kommunegrensene?
- o Kva fordelar gir færre kommunegrensar i planlegginga av ein langsiktig og heilskapleg utvikling?
- o Reduserer ein sammenslått kommune behovet for interkommunalt plansamarbeid?
- o Korleis er inn- og utpendlingsmønsteret i regionen og mellom samanslåingskandidatane?
- o Gir samanslåing betre kapasitet til å drive innovasjonarbeid?
- o I kva grad er det ulikskapar mellom kommunene i synet på framtidig utvikling, og kva er det eventuelt desse ulikskapane går ut på?
- o Korleis kan ei kommunesamanslåing påvirke kommunenes rolle som utviklingsaktør, og kva vinstar vil det vere mogleg å realisere?
- o Korleis kompletterer kommunene kvarandre når det gjeld bustader, arbeidsmarknad og næringsliv?
- o Vil "kvardagsregionen", dvs. regionen der innbyggjarar og næringsliv dagleg ferdast, samsvare betre med den nye kommunegrensa?
- o Vil den nye kommunen bli meir attraktiv for innbyggjarar og næringsliv?

Erfaringene frå dei gjennomførte kommunesamanslåingane syner at rolla som samfunnsutviklar er viktig. I alle kommuner som har slått seg sammen, er vurderinga at samanslåing kan vere gunstig i høve til framtidig næringsutvikling, sysselsetjing og busetjing.

Demokrati

Aktuelle spørsmål for å sette lys på lokaldemokratiet:

- o I kva grad kan ei kommunesamanslåing bidra til meir heilskapleg og direkte styring av utviklinga i regionen?
- o Ei kommunesamanslåing vil som regel gi færre kommunestyrerepresentanter enn for dei tidligare kommunene samla. Kva alternative deltakingsformer vil vere aktuelle for å sikre og vidareutvikle det lokalpolitiske engasjementet i ein samanslått kommune?
- o I kva grad er det aktuelt med kommunedelsutval og kva slags mynde og oppgåver kan delegerast til desse?

Oppsummering og vurdering - korleis kan alle delar i den nye kommunen sikrast påverknad og innflyting?

Økonomi

Spørsmål som det kan vere aktuelt å avklare når det gjeld økonomi kan vere:

- o Korleis vil prognose for framtidig demografiutvikling påvirke kommuneøkonomien?
- o Har kommunene ulik praksis når det gjeld eigedomsskatt og kommunal prissetting?
- o Ligger kommunene i ulike soner for arbeidsgiveravgift og landbrukstilskot og eventuelle andre statstilskot og øyremerka tilskot?
- o Har nokon av kommunene inntekt frå kraftproduksjon?
- o Vil ein framtidig kommune vere meir robust når det gjeld framtidige investeringar, f.eks i infrastruktur?
- o Korleis vil ei kommunesamanslåing utløyse behov for infrastruktur, utstyr og tiltak for samkøyring og harmonisering mellom dei gamle kommunene?
- o Kva vil den nye kommunen motta i reformstøtte og støtte til dekning av eingangskostnader?

Oppsummering og vurdering – innan kva områder ligg dei viktigaste vinstane ved ein større kommune?

Tilråding, informasjon og høyring

Rådmennene eller evnetuelt arbeidsgruppene i dei aktuelle kommunene bør koordinere seg og førebu ei sak til sine kommunestyre som oppsummerer prosessen og gir tilråding om samanslåingsalternativ.

Det er Kommunestyret som fattar vedtak om samanslåingsalternativ og vegen vidare.

Kommunestyret må også gjere vedtak om korleis innbyggjarane skal informerast og høyrast jf. Inndelingslova § 10. Kommuner vedtek vidare prosess, og får 100 000 kroner i støtte til informasjon og folkehøyring fra departementet.

Som grunnlag for ei høyring bør kommunestyret vurdere om det skal lagast ein felles intensjonsavtale. Det er viktig at denne avtalen vert avklara og forankra i alle kommunestyra. Ein intensjonsavtale som kan seie noko om fordeling av tenestestader, korleis vi kan unytte ressursane betre, korleis vi saman kan stå betre rusta til å møte framtidens krav og forventningar.

Mange kommuner har god erfaring med å lage ein informasjonsplan om korleis presentere fordelar og ulemper ved å bli ein større kommune. Dei viktigaste konklusjonane må synleggjerast (gjerne i ein intensjonsavtale) og formidlast gjennom ulike kanalar (media, ungdomsråd/skular, eldreråd, møter, kommunenes nettsider).

Folkemøte kan vere gode arenaer for innspel, synspunkt og kommentarar, og kan i einstilte tilfelle også vere ein god høyringsarena. Det er opp til kvart kommunestyre å avgjere kva høyringsform kommunen skal nytte.

Aktuelle prosessuelle verkemiddel kan vere:

- o Folkeavstemming
- o Opinionsundersøking

- o Utvida folkehøyring, søkekonferanse og visjonsseminar
- o Fokusgrupper
- o Høyring
- o Referansegruppe og innbyggjarpanel

Innbyggjarundersøking eller folkeavrøysting

Inndelingslova slår fast at innbyggjarane bør høyrast i saker om endring av

kommunegrenser, men ikkje korleis. Ulike måtar å høyre innbyggjarane på har ulike fordelar og ulemper, og val av høyringsmetode bør vere godt grunngjeve. Kommunal- og

moderniseringsdepartementet utarbeidar no eit standardoppsett for spørjeundersøking som kommunane kan nytte seg av. Rådmannen meiner det bør gjennomførast

innbyggjarundersøking, men at utforming og tidspunkt bør drøftast nærare. Det er anbefalt at ei høyring, anten dette skjer i form av folkerøysting, spørjeundersøking eller anna form, vert gjennomført når valalternativa er klare. Kommunane kan og be regionrådet om å gjennomføre ei ny innbyggjarundersøking for sunnmøre.

Endelig vedtak om sammenslåing

Kommuner som ønskjer å slå seg saman må gjere to vedtak:

1. Vedtak om at kommunene ønskjer å slå seg saman.

Eit slikt vedtak kan vere relativt kortfatta, men må vere klart og tydeleg på at kommunene ønskjer å slå seg saman.

Etter at kommunene har fatta vedtak om at dei ønskjer å slå seg saman, skal fylkesmannen i samråd med departementet, kalle inn til felles kommunestyremøte. Det går fram av inndelingslova § 25 kva punkt som skal drøftast på fellesmøtet:

- a) framlegg til namn på den nye kommunen
- b) tal på medlemmar i det nye kommunestyret
- c) kriterie for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne loven
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføring av samanslåinga.

2. Etter at punkta i § 25, og eventuelt andre spørsmål er diskutert i fellesmøte, skal dei einskilte kommunestyra stadfeste semja i nye kommunestyrevedtaket.

Desse vedtaka vil vere grunnlaget for ei statleg avgjerd om samanslåing.

Det treng ikkje føre til forseinking av prosessane at kommunestyra må ha to vedtak samt felles kommunestyremøte. I samband med samanslåinga kan heile løpet gjennomførast same dag. Begge kommunestyra kan fatte likelydande vedtak om samanslåing. Fylkesmannen kan, under føresetnad av positive vedtak, kalle inn til felles kommunestyremøte same dag. På møtet skal punkta i § 25 diskuterast. Etter felles kommunestyremøte fattar begge kommunestyra same dag likelydande vedtak i høve til punkta i § 25.

VEDTAK:

Basert på framdriftsplan og forventningane som er stilt frå Fylkesmannen vedtek Skodje kommunestyre følgjande rammer for det vidare arbeidet:

1. Organisering og mandat

Styringsgruppe:

Skodje kommunestyre er prosjekteigar og styringsgruppe for kommunereform

Arbeidsgruppe:

Arbeidsgruppa skal bestå av:

- Ordførar
- Varaordførar
- Modolf Hareide
- Rådmannen

Arbeidsgruppa har 1t møte kvar 14. dag, og har ansvar for at framdriftsplan, aktivitetar, informasjon og praktisk organisering av prosessen vert fulgt opp. Arbeidsgruppa bør rapportere til kommunestyret på eigna vis, og med eit intervall som sikrar god politisk behandling og framdrift i høve tidsplan.

Arbeidsgruppa kallar inn ressurspersonar undervegs i prosessen. Til dømes representantar frå faste råd og utval, næringsliv, tilsette og frivilljuge lag og organisasjonar.

Arbeidsgruppa held formannskapet fortløpande oppdatert gjennom fast avsatt tid til orientering om kommunereform i alle formannskapsmøte. Det vil i tida som kjem bli arrangert ulike regionale konferansar/møte og seminar knytt til reformarbeidet, og rådmannen rår til at Skodje kommune deltar i desse på eigna måte. Det vil også vere behov for gå i dialog med nabokommunane om framdrift og prosess for arbeidet, samt handtere eventuelle invitasjonar til formelt samarbeid vidare. Arbeidsgruppa sørger for at formannskapet som styringsgruppe får den informasjonen som er naudsynt for å ta avgjerder undervegs knytt til dette.

Informasjon og kommunikasjon:

Arbeidsgruppa foreslår følgjande konkrete tiltak:

- Folkemøte/ opne temamøter
- Næringslivsmøte med tema kommunereform
- Ungdomskonferanse i samarbeid med ungdomsrådet
- Seniorkonferanse i samarbeid med pensjonistlaget/ Eldrerådet
- Dialogarena retta mot frivillige lag og organisasjonar
- Eige temafane på kommunen si heimeside for informasjon ut til innbyggjarane mv.
- Nytte kommuna si Facebookside til jamnleg informasjon om kommunereforma
- Kommunenytt
- Rådmannen sitt informasjonsskriv til tilsette
- Nytte dei etablerer arenaene og i organisasjonen til fortløpande informasjon kring kommunereforma: Leiarmøter, personalmøter, kontaktmøte med tillitsvalde, AMU, arbeidsmiljøutval, ungdomsråd, eldreråd, råd for funksjonshemma

3. Arbeidsgruppa får mandat til å gjere endringar og tilpassingar av plan for framdrift og kommunikasjon slik at den samsvarar med parallelle prosessar i regionen.

4. Kostnadar knytt til auka møteaktivitet i arbeidsgrupp og referansegruppe, ev.frikjøp/ godtgjersle til arbeidsgruppa, skal dekkjast av løyvde midlar frå fylkesmannen knytt til kommunereforma.